



KILDN
TIL FREMTIDEN

Kva er Vestland fylke sine konkrete ambisjonar for verdiskaping og kompetanse?

Planprogrammet viser tema og omsyn som er sentrale og viktige i ei samfunnsutvikling, og ei slik oppstilling er nyttig i vidare planlegging og sakshandsaming både på lokalt og regionalt nivå. Samstundes viser ikkje planprogrammet retning eller konkrete utviklingsambisjonar for fylket. På denne måten vert temaopplistingane ei vanskeleg oppgåve å vekte og forvalte.

Planprogrammet seier at den regionale planen skal medverke til å vidareutvikle innovasjonssystemet for å legge til rette for verdiskaping i ulike regionar med ulike føresetnader for næringsutvikling, arbeidsplassar og tilgang på arbeidskraft.

Men kva innovasjon skal støttast, kva område skal ha særleg fokus i planperioden, og korleis skal ein heilt konkret jobbe saman for å oppnå sentrale mål? Innovasjon vert ofte nemnt i planar, men heller ikkje i denne planen er det tydeleg korleis ein skal løfte fram og prioritere innovasjonsprosjekt som fremjar verdiskaping og ny kompetanse.



Innspel for å oppnå målsettingane:

Fylket treng innovasjonsprosjekt som Kildn for maritim sektor, og regional plan må vere tydelegare på at innovasjon er heilt avgjerande for regionen si verdiskaping og kompetanseutvikling.

MÅLSETTINGANE I PLAN FOR VERDISKAPING OG KOMPETANSE ER MELLOM ANNA:

- ✓ Gi overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland.
- ✓ Utvikling av framtidsretta verdikjeder som byggjer på Vestland sine fortrinn, kompetanse og erfaring, innanfor ramma av knappe ressursar.



Innspel til planprogrammet pkt. 3.1:

Korleis kan dette skje, kven er dei sentrale aktørane, og korleis forankrar ein gode prosessar med næringslivet og deira føresetnader?

Næringslivet sine tidshorisontar går gjerne langt ut over regionale planperiodar.

Den regionale planen skal medverke til å vidareutvikle innovasjonssystemet for å legge til rette for verdiskaping i ulike regionar med ulike føresetnader for næringsutvikling, arbeidsplassar og tilgang på arbeidskraft.



Innspel til planprogrammet pkt. 6.3:

Planen bør vere meir konkret på korleis private initiativ og innovasjonsprosjekt kan få ein arena og verte høyrte utan at eksisterande strukturar, sakshandsamingsprosedyrar og politiske kjepphestar slår ihel nytenking.

Samarbeid med næringslivet, partane i arbeidslivet og bransjeorganisasjonar er særskilt viktige for sikre relevante perspektiv inn i det regionale planarbeidet.

Dette gjeld også innovasjonsmiljø og verkemiddelapparat for næringsutvikling og innovasjon, som til dømes klynger, bedriftsnettverk, inkubatorar, gründermiljø og innovasjonsselskap. Regionalt næringsforum og Regionalt kompetanseforum er viktige arenaer for å kunne involvere breitt.



Innspel til planprogrammet pkt. 6.3

Kildn gir bevisleg ei vesentleg
verdiskaping i fylket og føreslår
intermodale løysingar med store
samfunns- og
kompetansemessige
ringverknader, sjå t.d.
utgreiingar som:

RAPPORT
KORTVERSJON
SAMFUNNSØKONOMISKE NYTTEVIRKNINGER
AV KILDN FJORDMETRO



MENON-PUBLIKASJON NR. 03/2024

Av Øyvind Vennerød, Sander Aslesen, Sophie Sundt, Trygve Svalheim, Erik W. Jakobsen, Kristoffer Midttømme og Magnus U. Gulbrandsen

asplan
viak



Mulighetsstudie, fjordmetro

Konsept og transportsystem
for maritim passasjertransport
i Bergensregionen og Vestland,
med nullutslippshavn Kildn
som base

Kortversjon av
hovedrapport

<https://kildn.com/dokumenter/>





Hovudpunkt som bør inn i planprogrammet:

Turisme

Planen må ta høyde for den store veksten i turismen til fjordane på Vestlandet og transportbehovet som følger med. Her ligg eit potensiale for verdiskaping og kompetansebehov som må tydeleggjerast i planen.

Persontransport på sjø

Fylket sine egne ambisjonar for verdiskaping og kompetansebehov knytt til transport og knytte fylket saman bør gjerast tydelegare.



Hovudpunkt som bør inn i planprogrammet:

Innovasjon

Fylket må støtte innovasjonsprosjekt med ambisjonar som løftar fram Vestland fylke sine egne verdiskapingsbehov og vedteken politikk.

Kildn er eit innovasjonsprosjekt som gir fylket verdiskaping både sentralt og i distrikta. I tillegg krev prosjektet ny kompetanse, og dette gir grunnlag for ei framtidsretta samfunnsutvikling frå by til bygd.



Hovudpunkt som bør inn i planprogrammet:

Kompetanse

Planprogrammet er svært utydeleg når det t.d. gjeld kva kompetanse som er satsingsområde, kva er knytt til næringsutvikling og fylket sine store verdikjedar og korleis kompetanseløft innan skule og utdanning kan fange opp dette.

Det bør vere ein raud tråd både i definisjonar, behov, definerte satsingsområde og korleis ein legg til rette for oppfølging gjennom fylkeskommunen sine ansvarsområde.

Kildn er eit innovasjonsprosjekt med mål å verte første hamn i verda som både er planlagd og bygd for nullutslepp. Kildn er ei passasjerhamn som integrerer turisme og kollektivtrafikk med same materiell.



Prosjektside: <https://kildn.com/>

Prosjektfilm: <https://kildn.com/film/>

KILDN

TIL FREMTIDEN



Innovasjon krev ofte ein innleiande innsatsfaktor som kan vere delvis omstriden. Effekten må likevel sjåast i eit langsiktig perspektiv: kva får samfunnet som gevinst i framtida i høve til konvensjonelle samfunnsgrep?

For Kildn er innsatsfaktoren 14 daa natur. Effekten er eit transportsystem som avlastar landbasert transport i framtida; eit fjordmetrosystem som støttar berekraftig samfunnsutvikling i heile fylket, gir verdiskaping og eit kompetanseløft for heile regionen.